

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 07.12.2017

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget er urolig over de konsekvenser økningen bruken av bompenger vil ha for næringsutvikling og pendlere. Fylkestinget kan ut fra dette ikke gi sin tilslutning til handlingsprogrammet.

Fylkestinget ber om at det settes fokus på rimeligere miljøvennlige alternativer, slik som superbusser elbusser og trolleybusser og vil finne det ikke finansielt forsvarlig å fortsette utbygging av bybanen.

Fylkestinget vil presisere at den fylkeskommunale kostnaden må finansieres av fylkeskommunen og ikke belastes de som ikke har nytte av bruken.»

### Røysting (forslaget om utsettning)

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«(a) Tillegg:

4. Endehaldeplass Øvre Kråkenes vert utsett og vert ikkje gjennomført i 2018. Det må likevel sjåast på fasilitetar for bussjåførar.

(b) Nytt punkt:

Hordaland fylkeskommune ser køfritt kollektivtilbod som avgjerande for auka overgang frå bilbruk til kollektivtransport, og ønskjer derfor å omprioritere vegkapasitet til fordel for bybane i eigen trasé og kollektivfelt. Det må sikrast kollektivfelt, og dermed køfri kollektivtransport, på alle innfartsårer til Bergen.

(c) Nytt punkt:

Minst 70 % statlig finansiering av byvekstavtalen for Bergensområdet. Både bybana til Fyllingsdalen og Åsane må sikrast midlar i ny NTP.»

### Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Oen sitt forslag (a) fekk tre røyster (SV, MDG, V) og fall.

Oen sitt forslag (b) og (c) fekk 10 røyster (SV, V, MDG, KrF, Sp, A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram Miljøløftet 2018 - 2021.
2. Fylkestinget legg til grunn at innkjøp av bybanevogner vert finansiert gjennom Miljøløftet.
3. Fylkestinget legg til grunn at meirkostnadene knytt til styrking av ruteproduksjonen for kollektivtrafikken føreset finansiering over Miljøløftet.
4. Hordaland fylkeskommune ser køfritt kollektivtilbod som avgjerande for auka overgang frå bilbruk til kollektivtransport, og ønskjer derfor å omprioritere vegkapasitet til fordel for bybane i eigen trasé og kollektivfelt. Det må sikrast kollektivfelt, og dermed køfri kollektivtransport, på alle innfartsårer til Bergen.
5. Minst 70 % statlig finansiering av byvekstavtalen for Bergensområdet. Både bybana til Fyllingsdalen

og Åsane må sikrast midlar i ny NTP.